


Satsing for Festidalen i 2012

05.05.2011



Stor Åge-suksess i 2009 (Foto: Ola Matti Mathisen)

Festidalen, som ikkje vart arrangert i fjor og blir det ikkje i år, vil koma att i 2012. Det er målsetjinga til eit festivalstyre som no er på plass opplyser styret i eit brev til kommunen ved kulturkontoret.

Dette er styret:

Sveinung M. Pile (styremedlem), Erik Sævareid (styremedlem), Daidalos Dahle, Bjarte Døssland (styremedlem), Hans Martin Hjelmeland (styremedlem), Gretha Rød (styremedlem), Kjartan Thoresen, Bjørn Olav Tveit, Aleksander Rebaudo (styremedlem), Åsmund Lilleaas, Silvia Tofte (styremedlem), Ole Vidar Monsen og Yngve Kannelønning.

Det heiter i breivet at 2011 blir eit år der det vert jobba med å få på plass ein organisasjon og at dei har lukkast med å få på plass

eit robust styre.

No jobbar dette styret i lag med ei ressursgruppe med å skaffe

folk til organisasjonen som skal drive festivalen, inklusive festivalsjef.

Her er mange gode namn på blokka og dei har som mål å presentera organisasjonen innan august slik at den nye organisasjonen kan ta tak i organiseringa fram mot festival neste år.

For å starta bookinga for 2012 er dei avhengig av ein trygg økonomi og ynskjer difor å søkje midlar allereie no. I dag har Festidalen ein eigenkapital på

90 000 kroner. Dei ynskjer å arrangera julefest i år som tidlegare for å betre eigenkapitalen fram mot festivalen. Dette i tillegg

til midlar frå søknadsprosessar og sponsorstønad.

Festidalstyret håpar at søknaden kan vurderast på linje med andre festivalar.

Festidalen starta i 2003 med 335 til stades. I 2007 var 1600 registrert og i 2009 vart festivalen ein stor suksess med Åge Aleksandersen som det store trekkplasteret. Det må til ein stor dugnadssinnsats og i 2007 jobba 140 dag og natt.

Festivaltyret strekar under at arrangementet skapar engasjement i heile kommunen og har bygd seg opp til å bli anerkjent både lokalt og internasjonalt.

Av Ola Matti Mathisen



Dugnadsgjeng igang for festivalen (Foto: Kvinnheringen)